



BRANNINSTRUKS OG MELDINGSSKJEMA VED OVERNATTING PÅ SKULER, BARNEHAGER, KYRKJER, UNGDOMSHUS OG ANDRE MELLOMBELSE OVERNATTINGSTADER:

1. GENERELT

Utleigar har ansvar for at krava i dette avsnittet vert fylgd opp.

- *Alle* manglar påpeika i brannsynsrapportar og annan korrespondanse frå brannvernet *skal vere retta*.
- Denne instruks skal delast ut til leiarane for den gruppa som overnattar, samt nattevaktar. Dei skal visast rundt og gjerast kjend med rømmingsvegar, varslings-rutinar, sløkkjemateriell og samlingsplass.
- Alle rømmingsvegar frå overnattingsrom skal vere ryddige og oversiktlege. Dørrar i rømmingsvegar (også ytterdør) skal vere ulåst. Dei kan låsast dersom låsen har innvendig vridar. Lyset i rømmingsvegar skal vere tend. Det må ikkje plasserast fleire madrassar i kvart rom enn at det vert god tilkomst til dørrar og vindauge.
- Nattevakta skal ha telefon kor det er tydeleg oppslag med alarmnumra til brannvern, politi og legevakt.
- Brannvernet skal ha beskjed på vedlagt meldeskjema, **7 dagar** før bygning skal brukast til overnatting, grunna bemanningsplanlegging.

2. REGLAR FOR INNKVARTERING OG VAKTHALD

Leigetakar (dei som overnattar) har ansvaret for at krava i dette avsnittet vert fylgde.

- Alle som overnatter skal gjerast kjend med instruksen, betydinga av brannalarm og røykvarslarar, rømmingsvegar og samlingsplass.
- All røyking, bruk av varme, gass til koking og liknande er forbode.
- Så lenge det søv folk i bygningen, skal det vere vaken nattevakt til stades. Nattevakta(r) skal ha lykt og mobiltelefon. Vaktar i forskjellige bygningar eller etasjer skal ha samband på mobiltelefon eller på anna hensiktsmessig vis. Dei skal kjenna naudnumra til brann, politi og ambulanse, samt til utleigarar representant.
- Nattevakta skal vere kjend med rømmingsvegar, varslingsrutinar, sløkkjemateriell og samlingsplass.
- Han/ ho skal ha oversikt over romma som nyttast til overnatting.
- Nattevakta skal kvar time patruljera i dei delar av bygningen som nyttast til overnatting, også særromma.

VED ALARM:

- Ta ikkje med bagasje
- Søk gjennom toalettrom og andre "birom".
- Lukk dørrer og vindauge.
- Prøv å sløkkje branntillaup med tilgjengeleg sløkkjemateriell.
- Møt brannvernet og orientera dei.
- Angje om mogleg brannstad og om evt. kor det er folk inne i bygget.

Etter evakueringa går alle til anvist samlingsplass og vert verande der til naudsynt registrering er føretatt.

FALSK/UNØDIG ALARM: Om alarmen vert utløyst ved feil eller unødig skal 110 sentralen ringast umiddelbart for å stoppe utrykking, tlf. **53 03 02 90**.

VAKTHAVANDE UTRYKKINGSLEIAR OSTERØY: Døgnbemanna mobiltelefon. **905 72 711**.



MELDING/ SØKNAD OM OVERNATTING

Ved _____ (vegadresse og kommune)

_____ (bygningens namn)

vil _____ (leigetakar)

overnatte i tida _____ (dato), i alt _____ netter

| Bygning / etasje | Varslingsanlegg*) | Antal personar | Antal vaktar |
|------------------|-------------------|----------------|--------------|
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| Sum | | | |

*) ABO = Automatisk brannvarsling med overføring til 110 sentralen.

ABI = Automatisk brannvarsling internt.

R = Røykvarslarar

| | Namn | Telefon |
|-------------------------|------|---------|
| Utleigars ansvarlege: | | |
| Stedfortreder: | | |
| Leigetakars ansvarlege: | | |
| Vaktansvarleg: | | |
| Merknader: | | |

Eg er kjend med reglar for mellombels overnatting og med instruksar for overnattingsstaden.

Underskrift leigetakar: _____ Dato: _____

Sendast: Osterøy brann – redning

Åge Færestrand, branninspektør

Rådhusplassen, 5282 Lonevåg.

Eller e-post: age.faerstrand@osteroy.kommune.no

Tlf. 56 19 22 52 – 413 06 030